



Den Norske Kyrkja
Bjerkreim
Postboks 38
4389 Vikeså

Dato 28.10.2014
Arkiv 124/14-008
Saksbeh

Kulturdepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030, Dep.
0030 OSLO


Høyringsvar - Staten og Den norske kyrkja - Eit tydeleg skilje.

Bjerkreim sokneråd (eit-sokns kommune) takkar for høvet til å gje uttale i saka. Soknerådet behandla høyringa "Staten og Den norske kyrkja - Eit tydeleg skilje" på møtet 14.10.2014.

Samrøysta uttale frå Bjerkreim sokneråd:

1. Bjerkreim sokneråd støttar departementet sitt forslag om å vidareføra det rettslege sjølvstende soknet har i dagens kyrkjelov. Det nye nasjonale rettssubjektet bør leggest til "Kyrkjemøtet" og namnet bør vera "Kyrkjemøtet" og ikkje "Den norske kyrkja". Rådet meiner det er svært uheldig at "Den norske kyrkja" får dobbel betydning.
2. Kyrkjerådet/kyrkjemøtet bør også kunna delegera til soknet/sokneråd (ikkje berre til prost/prostinivå).
3. Bjerkreim sokneråd kan ikkje sjå behovet for ei klagenemnd når det gjeld disiplinærsaker. Slik saker bør handsamast av ansvarleg arbeidsgjevar som i anna forvaltning.
4. Soknet må gjevast tydelegare ansvar for det lokale gudstenesteliv. Prestetenesta må sikra "soknebarna" regelmessig gudstenestefeiring og tilgang til kyrkjelege handlingar i samarbeid med sokneråda. Soknets organ må sikrast tydelegare ansvar og medverknad for prestetenesta og ha uttalerett ved tilsetning av prest i eige sokn.
5. Trusopplæringsreforma inneber at staten har teke på seg å løyva midlar til ei sentral kyrkjeleg oppgåve. Tilskot til trusopplæringa bør derfor omtalast på ein meir forpliktande måte i § 22 – t.d. dagens tilskot inkl. prisauke.
6. Sidan den økonomiske ansvarsdelinga mellom staten og kommunane skal vidareførast, bør budsjett og rekneskap baserast på dei kommunale budsjett- og rekneskapsforskriftene også i framtida. Dette også ut frå avtale om tenesteyting mellom sokn og kommune om m.a. føring av rekneskap. Rapportering via Kostra-systemet bør vidareførast.
7. Det er avgjerande at staten fylgjer opp med økonomiske ressursar til førebuing og gjennomføring av reforma.
8. Ordninga med momskompensasjon for kyrkjeleg verksemd bør vidareførast.

Med helsing


Arnefrid Espeland

kyrkjeverje i Bjerkreim